



MELDING  
om  
FISKEBIOLOGISKE GRANSKINGAR  
i  
ROGALAND  
1987

Namnet på vatnet Lyslaasvatnet  
Kommune ..... Bjørkelund

Feltarbeidet, vidare arbeid med materialet  
og skriving av meldinga, er utført av Roga-  
land Skogselskap v/ E. Berg etter retnings-  
liner frå, og i nært samarbeid med, Konsulenten  
for ferskvannsfiske i Vest-Norge, herr Oyvind  
Vasshaug.

## S V A R T A V A T N E T

Fiskeanalyesen vart foreteken den 30. august 1977.

Vatnet ligg i Hjelmeland kommune, nord-aust for Kaldavatnet, og med "Sæupstølheii" i nord.

Arealet er omlag 5 ha. og h.o.h. 5<sup>40</sup> m.

Djupna på vatnet er ikkje målt, men det ser jamtover ut til å vera eit grunt vatn.

Stranda består for det meste av stein der grunnfjellet støyter like til vatnet.

### Vegetasjon og nedslagsfelt.

Nedslagsfeltet femner om snaumark med spredt bjørkeskog inni mellom. Vidare noko snaufjell og myr.

Botngras, brasmebras, siv- og algevegetasjon vil ein finna i strandsona.

Ein bekk på nordsida utgjer hovudtilsiget, men bortsett frå denne fell det inn mindre bekketilsig.

Avlaupet renn ut i sør til "Kaldavassåna" og vidare til Kaldavatnet.

### Dei kjemiske tilhøva.

Siktedjupet er 4.0 m og fargen på vatnet brunleg-gul som indikerar påverknad av humus (myr).

Surheita pH er målt til 5.6 som er tåleg bra for ferskvassfisk.

Innhaldet av kalk (CaO) er 0.45 mg/l og den totale hardheita 0.95 mg/l. Vatnet er såleis mykje kalkfattig og pli utsett for store svingningar gjennom året.

Elektrisk leiingsemne = 24.34

### Mageprøver.

For å få greie på kva fisken eigentleg ernærte seg av, på det tidspunkt analysen vart foreteken, tok vi mageprøver av 3 fiskar. Her vart det funne myggupper, fjærmygglarver, vårflugelarver, linsekreps, vannkalvlarver, luftinnsekter og plankton. Ein ganske allsidig meny.

### Planktonprøver.


Det vart teke eit horisontaltrekk på ca. 50 m, med planktonhov, og resultatet må karakteriserast som ein medels rik prøve der dyreplanktonet dominerte.

### Fisk m.v.

Auren er einerådande i vatnet.

Det vart sett ut 4 garn av ymse maskestorleik og resultatet etter 1 fangstnatt vart 56 aurar.

Fordeler vi fangsten på omfara og på cm-klassar får vi grafiske framstyringar som synt nedanfor.



Det vart teke prøver av 20 fiskar og av desse var 1 lys-rød - resten kvite i fiskekjøttet.

Ingen av fiskane var angripne av parasittar.

Vidare var det 14 hanfiskar og 6 hofisker.


15 fiskar var gytefisk (75%) resten gjellfisk.

Ser vi på medellengda og den årlege lengdetilveksten av prøve-fiskane vil dette gå fram av oppstillinga nedanfor.

	Alder ved vinter				
	1år	2år	3år	4år	5år
Medellengde i cm	4.7	11.0	15.6	19.5	21.2
Årleg lengdetilvekst i cm	4.7	6.3	4.6	3.9	1.7
Antall fisker	20	20	18	17	7

Medel kondisjonsfaktor = 0.91 tilseier mager, langstrakt fisk.

Vi har nedanfor sett opp ein vekstkurve for fisken i Svartavatnet og samanlikna med normalkurven for Vestlandet (5cm pr. år).



Som vi her vil sjå, syner auren ein normal lengdetilvekst dei 3 første åra, men her blir så normalkurven kryssa. Om tilhøva var gode skulle dette ha skjedd først ved 5-6 års alder. Auren går mot ei maksimallengd på ca. 23-24 cm, men det er berre få fiskar som når opp i denne storleiken.

#### Konklusjon.

Ut frå dei foretekne prøvene må vatnet karakteriseraast som medels næringsrikt og med eit fiskebestand langt i overkant av vatnet si bæreminne. Tilhøva ligg elles godt til rette for fiskeproduksjon. Dei kjemiske tilhøva er godt brukande for aure og i mageprøvene vart det funne fleire arter verdfulle næringsdyr. Planktonprøven var også bra, men omfarfordelinga syner at det er småfisen som fullt ut dominarar. K-faktoren og vekstkurve fortel at vatnet er overbefolka.

Som kjent spelar nedslagsfeltet ei avgjerande rolle når det gjeld næringsdyrproduksjonen, og fylgjeleg fiskeproduksjonen, i eit vatn. Består dette av kultivert mark, vil alltid tilsiga herfrå føre verdfulle næringsstoff med seg og som vil koma vatna til gode. Dette vil gi seg utslag i ein frodig vegetasjon i og omkring vatna, og gi gode vilkår for alger og anna plankton som er sjølve næringsgrunnlaget i eit vatn.

Nedslagsfeltet for Svartavatnet er heller lite og undergrunnen består for ein del av lettforvitrelege bergarter. Ein del mineralstoff blir såleis gjennom tilsiga tilført vatnet. Vidare er det jordsmønn over store deler av nedslagsfeltet og dette hjelper til med å nøytraliser den sure nedbøren vi i dag får. Gytetilhøva er gode i hovudtilsiget slik at rekrutteringa normalt vil vera sikra.

#### Praktiske tiltak.

Vatnet er lite og oversikteleg, og fiskebestandet lett å halde under kontroll. Ved hjelp av litt garnfiske innimellom vil ein kunna føre fiskebestandet til det nivå ein sjølv måtte ynskje. Ein må difor drive noko utfisking i åra framover, inntil ein har fått fram ein tilfredstillande fiskekvalitet og storleik. Tiltak utover dette skulle det ikkje vera naudsynt å setje i gang. Har ein interesse av det, kan vatnet tilforast jordbrukskalk eller thomasfosfat for å stimulere flora og fauna, men dette må då vera som hobby for å sjå kva resultat ein kan oppnå.

Stavanger 21/2 1978  
Einar Berg